

EMNE-EVALUERING OD2KARIO – VÅR 2022

Gjennomføring av undervisninga:

Ferdighetskurset i kariologi vart gjennomført frå veke 10 til og med veke 23.

Gjennomføringa vart prega av det på det dåværende tidspunktet unormalt store antallet studentar på dette kullet (65). På Ferdighetssenteret ved IKO er det ein maksimal kapasitet på 50 studentar, og for at alle skulle få ein god og forsvarleg undervisning og praktisk trening måtte vi difor omrokkere litt på den normale timeplanen. Det vart ein grupperotasjon med kun 3 av 4 grupper inne på Ferdighetssenteret samstundes, og timeplanen vart difor deretter justert. Det totale antal økter var likt for alle studenter, og ved bruk av alle tilgjengelege ledige tidspunkt i timeplanen vart det totale antalet økter ikkje mykje redusert i forhold til normalen (38 mot 45). Ein utfordring her var å ha lærarkrefter tilgjengeleg på dei øktene som vart satt opp utanom den tilgjengelege timeplanen. Med tilleggshjelp frå studentlærarar på kull 5 vart dette gjennomførbart.

Undervegs i kurset vart det arrangert to teoretisk-praktiske undervegsprøver (kvar av dei med to konte-mogelegheiter). Dersom desse to undervegsprøvane og dei obligatoriske arbeidsoppgåvene vart bestått, kunne studentane gå opp til ein avsluttande teoretisk-praktisk sluttprøve.

Studentane vart informert om undervisningsopplegg og pensum både på introduksjonsforelesning og via MittUiB. All naudsynt litteratur har blitt lagt ut på MittUiB.

Nytt av året er at alle demonstrasjonar av dei ulike arbeidsoppgåvene har blitt spelt inn på video, og gjort tilgjengeleg for studentane. På denne måten kunne studentane kva tid som helst sjå på desse videoane, og undervisninga vert kalibrert frå instruktørane si side. Dette tiltaket var også nyttig i og med at grupperotasjonen førte til at samme demo måtte haldast fleire gonger.

Vurdering av rammevilkår:

Ferdighetssenteret eigner seg svært godt til denne undervisninga, og utstyret har fungert greitt. Nokre gonger har enkelte unitar fått tekniske problem, men med god hjalp av teknisk avdeling samt Otto Forthun på teknikkar-laben så har vi fått dei til å fungere igjen. Men det viser seg igjen at det er svært viktig med tilgang på teknisk kompetanse til ein kvar tid ved gjennomføring av arbeidskurs.

Arbeidslampene på kvar arbeidsstad er litt skjøre, og fleire av desse har knekt og satt ut av funksjon. Dette er viktig å ha i orden, og William har sett på mogelegheita til å kjøpe inn nye lamper her etterkvert som dei vi har vert øydelagd.

Bente Louise Sletten, som er tannhelsesekretær på Ferdighetssenteret, har vore til uvurderleg hjelp under dette kurset, og vi er heilt avhengig av hennar hjelp for gjennomføring.

Kommentarar til studentane sin evaluering:

33 av 65 studenter har svart på evalueringa.

- Over 90% av studentane meiner læringsutbyttet er godt eller svært godt. Det er vi nøgd med.
- Fleirtalet av studentane meiner arbeidsmengda er stor i dette kurset, og at emnet er krevjande i forhold til andre emner. Det er klart at dette er eit intensivt og travelt kurs, og det er det første ferdighetskurset dei kjem borti under studieløpet. Dette er ikkje så mykje å gjere noko med, i og med at den avsatte tida til kurset er 3 mnd i studieplanen, og kunnskapane og fingerferdighetane til studentane må være gode før dei startar på den kliniske treninga med pasientar.
- Dei fleste (64%) er nøgd med rettleiarane i emnet, medan resten er både og. 31% er ikkje nøgd med korleis tilbakemeldingane vert gjeve i kurset. Dei som ikkje er nøgd kommenterer mest konkrete ting som korte, varierande og ulike tilbakemeldingar. Det er heilt klart at det er vanskeleg å kalibrere alle instruktørane som er involvert i emnet, men dette er noko vi kan bli endå betre på. Fleire kalibreringsøkter før kursstart og underveis er ønskeleg i framtida. Video-opptak av dei ulike demonstrasjonane er også eit tiltak som allerede er gjort for å få dette betre.
- Dei aller fleste respondentane er nøgd med lærar- og klinikkssekretærstøtta i emnet. Det er bra. Samstundes er det mange som poengterer at det er mykje venting på hjelp. På kvar økt er det eit mål frå vår side at det skal være 1 tannhelsesekretær, ein øktansvarleg, 4 tannlegeinstruktørar og 2 studentinstruktørar. Til vanleg er dette bra, men det har vore ein del fråvær grunna sjukdom og utlån til andre klinikkar, så difor kan det til tider være mangel på lærarhjelp. Dette er nok eit problem som er størst i starten av kurset, då mange vil ha hjelp samstundes.
- Ingen er misnøgde med ei fysiske arbeidsforholda, og alle er nøgd med sin eigen innsats i emnet.
- Ein ting som vert kommentert i tilbakemeldingane er bl.a. meir fokus på sittestilling og ergonomi. Vi har pleidd å ha ein fysioterapeut involvert i kurset, som både har holdt forelesning og som har gått rundt fysisk i salen og rettleia. Dette fekk vi av ulike årsaker ikkje til i år, men skal jobbe for å få dette inn igjen i undervisninga.

Samla vurdering:

Alt i alt verkar studentane stort sett nøgd med dette emnet, men det er alltid ein del ting som kan forbetrast. Det har vore litt spesielt i 2022 med at kullet vart så stort, og ein del omorganisering, grupperotasjon og ad hoc-løysningar måtte gjennomførast. Dette har nok hatt ein innverknad på undervisninga. Samstundes er det viktigaste å ta tak i, etter vår

meining, ein endå betre kalibrering av instruktørane. Dette vil bli gjort med fleire kalibreringsmøter, og standardiserte demonstrasjonar.

Bergen, 18.08.2022

Karen Reinholtsen

Seksjonsovertannlege

Torgils Lægreid

Førsteamanuensis